

Såg du mitt land når talatrosten spela,
og lauvet gleim, og symreblom spratt ut?
Såg du det trugne folk som sleit og træla,
men song endå, ja song og takka Gud?
Og visste du at hundre tusen barmar
har banka takt til dette strev kvart år?
At milionar trugne, sterke armar
la all si livskraft ned i jorda vår?

Såg du mitt land? Som varme sola strålar
det over all min lengt og all min draum.
Kvart herleg syn det i mitt minne målar
vert liksom livsens varme understraum.
Og ein gong, ein gong fer eg siste ferda,
og trygg og glad eg reiser her ifrå:
Mitt fedreland, det fagreste i verda,
det skal eg finna att *forklára* då.

Ein gong min livstråd breista skal, Ein dag mi hytta fell i grus,
mi songrøyst tagna på hans bud, ein ukjend time, dag og stund,
men så ein dag hans røyst og kall — men Jesus Krist meg reiser hus
meg vekkjer opp til liv hos Gud. til evig fryd i livsens lund.

Kor: Tenk å få sjå hans andlet der Ein dag sig sola ned i vest
og syngja: Frelst, ja frelst eg er! og kveldsstill sky er glødd i gull.
Tenk å få sjå hans andlet der Då byd min Jesus inn til fest
og syngjå: Frelst, av nåde frelst! på sanning rik, av nåde full.

Ein dag — så vak og ferdig ver
med lampa brennande og klår!
Når Jesus opnar himmeldør,
til evig sommar inn du går.

Hjarteleg takk for deltaking!

A. & E. VATNE
Likkiste- og liktøyforretning - Seim

Gudmund Hammer - Bergen



JOHANNES M. L. RYDLAND

Døydde 26. mai — Gravlagd 2. juni 1965.

I KYRKJA

FØR TALEN

Tone: Eg lyfter mitt auga.

Eg lengtar so jamt til den strålande stad
der songen lik votni skal fløyma,
få blanda mi røyst i det jublande kvad
som reint gjennom himlen skal strøyma —
og jordlivets sorger få gløyma.

Her høyrer eg ofte: „Du når ikkje heim,
du snåvar og fell i kvar tuva”.
Dei trugande røyster — seg, kjenner du deim? —
fær ofte mi sjæl til å gruva,
og fly, som den fredlause duva.

*

Å, nei, for eit byte: For tårer og kav,
få sigerens palme i hende
og leva på ny attom sorger og grav
i æva som aldri tek ende —
og møtast med kjære og kjende.

Å tenk at eg åsyn til åsyn skal sjå
min ven med dei sårmerkte hender.
Der strøymer vel frygd gjennom sjeli mi då
når andletet mot meg han vender,
og velkomsthelsing meg sender.

I Himmelens solljos, som Frelsarens brud,
eg g jeng i min skirkvite bunad.
Som sol over snøfjell, so blenkjer mitt skrud
i gullglans frå brudgommens truna.
I livssoli glitrar mi kruna.

Eg veit at ho kan ikkje tolkast med ord
den sæla eg heime fær kjenna.
Å frelsar, å, styr mine steg her på jord —
og kraft til min strid må du senda,
so glad eg mi ferd kan fullenda.

Johannes M. L. Rydland.

ETTER TALEN

Å tenk eingong når alle fram skal stemna
til himlens port, og alle bankar på,
det vert eit syn som ingen no kan nemna.
Kven skal gå inn, og kven skal ute stå?

Å, tenk eingong det stemnemøte store
når me ved porten skal kvarandre sjå,
me som på jordi her i lag har vore,
kven skal gå inn, og kven skal ute stå?

Å, tenk eingong um eg og du skal vera
i lag med deim som utan olje stend,
og der vår lampa utan ljøs må bera,
og av vår brudgom aldri verta kjend?

Å, tenk eingong kor stort at me får leva
og høyra at me kan den oljen få
som vil oss ljøs på brudlaupslampa giva,
so me med gleda kan til porten gå!

Å, tenk eingong når brudgomen skal koma
og opna døri for si kjære brud!
Då vil vel songen høgt i himlen ljoma
når brud og brudgom stend i himmelskrud.

FØR JORDFESTINGA

Renn upp yver grav, du signa sol, min Jesus, lat strålar strøyma og lysa meg inn til nådens stol, når her dei i grav meg gøyma! So heim eg kan fara i ditt ljøs og striden i gleda gløyma!	Eg menneskja komen er av mold og atter til mold må venda, men lov vere Krist, vår sol og skjold, som vilde meg anden senda! Ved honom eg ganga skal or grav, so dauden i liv må enda.
---	--

ETTER JORDFESTINGA

X Med Jesus vil eg fara på livsens ferd i lag, Gud, lat den samferd vara alt til min døyand' dag! Det er mi høgste æra, det er mi største ros, hans fylgjesvein å vera og vandra i hans ljøs.	Du til di grein meg sette alt i min fyrste vår, med livsens dogg meg vætte, gav sol og signa år. Du vil og vokster giva alt til min siste slutt: Lat meg i deg få liva, i deg få anda ut!
--	--

I BEDEHUSET

BORDVERS

Vår disk og duk er alt beredt, o Gud, for din barmhjertighet velsign nu disse gaver så at vi kan legems styrke få! Gud, mett enhver som hungrig er og sukk for brød til himlen bær!	Giv fred og frukt i våres land, velsigne jorden, luft og vann, bevar vår kristen øvrighet, giv oss vår næring av vår sved, mett og vår sjel med livsens brød, som Jesus tjente med sin død!
--	--

Ha takk, o Gud, min skapermann, for næring utav land og vann! Ha takk, o Jesus, for din død, ha takk, du rette livsens brød! Takk, Hellig Ånd, opplys vårt sinn, og Gud til våre hjerter bind!	Gud tenke på oss arme små som i ditt forsyns øye stå! Du ene vet hvordan vårt brød skal skjæres for oss til vår død. Giv lykke, helbred, liv og gavn, og salighet i Jesu navn!
---	---

Såg du mitt land når snø i liom bråna
og sønnavinden leika langsmed strand?
Når høgt det steig mot klåre himmelblåna
og lauga seg i dagsens vårsolbrand?
Då veit eg visst du ålvorsfull fekk stogga
og bøya kne—du stend på heilag grunn:
I dette land stod fedrane si vogga,
i denne jorda søv dei siste blund.